

## MOZZARELLA-, APPELSIN- OG KYLLINGSALAT

1 stor eller 2 små porsjonar

Ein sommarleg salat med sødme og syre, nærast middag og dessert i ein pakke.

- 1 mozzarellaost
- 1 ferdikokt kyllingfilet
- 1 stor el 2 små appelsinar
- 1 sjalottløk
- 3-4 knaskeagurk eller noko anna grønt
- Soyasaus
- Raud balsamicoeddik
- Kvit balsamicoeddik
- Olivenolje
- Rista brød

Skjer eine appelsinen i tynne skiver og mariner med litt kvit balsamicoeddik. Finskjer løken og skjær den andre appelsinen og kyllingen i små terningar. Bland saman og la det marinere med litt soyasaus og raud balsamicoeddik. Skjer osten i skiver og drypp litt god olivenolje over. Server med rista brød dynka med nokre dråpar olivenolje.

